

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 15/3942-2

Nasjonal transportplan 2018 - 2027 - forslag til prosjekt frå Kystverket Vest

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Kystverket sitt forslag til prosjektportefølje er ei oppfølging av tidlegare prioriteringar i Nasjonal transportplan 2014 – 23, og i samsvar med fylkestinget sine prioriteringar og innspel til NTP.
2. Det er viktig og gledeleg at Stad skipstunnel og utbetring/utbygging av fiskerihamna i Kalvåg no ser ut til å kunne bli realisert i første fireårsperioden av Nasjonal transportplan 2018 – 27.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til prioriteringane i Kystverket sitt forslag til prosjektportefølje for Sogn og Fjordane.

Vedlegg:

1. Brev frå Kystverket datert 05.05.15
2. Tiltaksark

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

I samband med arbeidet med Nasjonal transportplan 2018 – 2027 har Kystverket region Vest sendt ut forslag til prosjektportefølje for behandling i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kystverket har gjennomført ei førebels fordeling av prosjektporteføljen mellom 1. planperiode (2018 - 2021) og andre planperiode (2022 – 2027). I tillegg er prosjektporteføljen fordelt mellom fiskerihamner og tiltak i farleiene.

Kystverket Vest har sett opp følgjande forslag til tiltaksportefølje i Sogn og Fjordane for NTP – perioden 2018 – 2027 (alle kostnader er inkl. mva og fagadministrasjon):

1.planperiode 2018-2021			
Namn på tiltaket	Kommune	Kostnadsanslag	Type tiltak
Kalvåg	Bremanger	90 mill. kr	Fiskerihamn
Stad skipstunnel	Selje	1 mrd. kr	Farleiltak
Florø, aust for Nordre Nekkøya	Florø	5 mill. kr	Farleiltak
Ytre Steinsund	Solund	30 mill. kr	Farleiltak
Innsegling Ulvesundet frå nord	Vågsøy	38 mill. kr	Farleiltak
Bulandet	Askvoll	26 mill. kr	Farleiltak
2.planperiode 2022-2027			
Namn på tiltaket	Kommune	Kostnadsanslag	
Værlandet	Askvoll	6 mill. kr	Fiskerihamn
Flåm	Aurland	11 mill. kr	Farleiltak
Hovudleia Bremanger sør	Bremanger	88 mill. kr	Farleiltak
Innsegling Måløy (Skatestraumen)	Bremanger	6 mill. kr	Farleiltak
Vågsøy, Sildefjorden	Vågsøy	8 mill. kr	Farleiltak

Kystverket Vest sitt forslag til tiltaksportefølje i Sogn og Fjordane for NTP-perioden 2018 – 2027 er ei oppfølging av gjeldande Nasjonal transportplan. Den er også i samsvar med fylkestinget sine tidlegare prioriteringar og innspel i samband med Nasjonal transportplan.

Realisering av Stad skipstunnel er viktig både for å sikre god framkome, tryggleik og effektivitet for sjøtransporten forbi Stad. Vi ser fram til realiseringa av dette prosjektet, som no ser ut til å bli løyst med oppstart i 2018.

Fylkesrådmannen er samd i at fiskerihamna i Kalvåg vert prioritert med oppstart i 2018.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at tiltaksporteføljen er i strid med tidlegare fylkeskommunale prioriteringar og gjeldande fylkeskommunale planar.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Kystverket samarbeider med andre statlege transportetatar om rullering av Nasjonal transportplan for perioden 2018 – 2027. 2014/2015 vart første fase med strategiske utgreiingar avslutta. Neste fase vert no sett i gong gjennom Samferdsledepartementet si retningsline 2 for arbeidet med NTP.

I planfasen arbeider alle transporetetane med tiltak/prosjekt som skal fremjast til NTP 2018 – 2027. Som ein del av dette arbeider sender Kystverket Vest regionen sitt forslag til prosjektportefølje for behandling i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Kystverket har gjennomført ei førebels fordeling av prosjektporteføljen mellom 1. planperiode (2018 - 2021) og andre planperiode (2022 - 2027). I tillegg er prosjektporteføljen fordelt mellom fiskerihamner og tiltak i farleiene.

Kystverket ber om fylkeskommunen si vurdering av regionen sine forslag til tiltak i høve til aktuelle fylkeskommunale planar og andre næringsmessige og transportmessige tiltak. Det er av særleg interesse om Kystverket sine forslag til tiltak på fiskerihamnene stemmer med fylkeskommunen sine planar for utvikling av fiskerinæringa, og om utviklinga av fiskerihamner også fremmer generell nærings- og transportutvikling.

Frist for tilbakemelding er sett til 15. juni 2015.

Historikk - tidlegare vedtak

I fylkestinget si fråsegn til NTP 2014-23, jf. FT-sak 28/12, står m.a. følgjande:

- A6. *Fylkestinget meiner ei realisering av Stad skipstunnel vil vere både eit riktig, framtidsretta og samfunnsøkonomisk lønsamt prosjekt. Staten må følgje Kystverket si tilråding om å byggje etter det største alternativet som er dimensjonert etter hurtigruteskipet MS Midnattsol. Prosjektet har stor næringsøkonomisk betydning både for fiskeri, maritime og marine næringar. Stad skipstunnel må finansierast som eige prosjekt, med eiga løyving på statsbudsjettet med sikte på oppstart i perioden 2014 – 17. Det opnar for nye moglegheiter for næringsklynger, samarbeid og utvikling over kommunegrenser og fylkesgrenser. Det vil også ha positiv vinst for veg-vedlikehald og miljø og tryggleik til sjøs.*
- B9. *Riksveg 1 – sjøvegen - kan nyttast i større grad både til persontrafikk og godstransport. Det er viktig å ruste opp og utbetre farleier og innseglingar til hamnene våre. Skal vi få meir gods og persontrafikk over på kjøl er utbetring av farleia ein strategisk viktig innsatsfaktor. Fylkestinget ber om at følgjande tiltak i farleier langs Sogn og Fjordane vert prioritert: Ytre Steinsund (Solund), Nekkøya øst (Flora), Skatestraumen (Bremanger), Ulvesundet (Vågsøy). Vi vil også påpeike behova for utbetring for innseglingsleia til Svelgen. Fylkestinget ber om at utbygging av fiskerihamn i Kalvåg vert prioritert.*

Sentrale problemstillingar

Kystverket Vest har sett opp følgjande forslag til tiltaksportefølje i Sogn og Fjordane for NTP – perioden 2018 – 2027 (alle kostnader er inkl. mva og fagadministrasjon):

1.planperiode 2018-2021			
Namn på tiltaket	Kommune	Kostnadsanslag	Type tiltak
Kalvåg	Bremanger	90 mill. kr	Fiskerihamn
Stad skipstunnel	Selje	1 mrd. kr	Farleiltak
Florø, aust for Nordre Nekkøya	Florø	5 mill. kr	Farleiltak
Ytre Steinsund	Solund	30 mill. kr	Farleiltak
Innsegling Ulvesundet frå nord	Vågsøy	38 mill. kr	Farleiltak
Bulandet	Askvoll	26 mill. kr	Farleiltak
2.planperiode 2022-2027			
Namn på tiltaket	Kommune	Kostnadsanslag	
Værlandet	Askvoll	6 mill. kr	Fiskerihamn
Flåm	Aurland	11 mill. kr	Farleiltak
Hovudleia Bremanger sør	Bremanger	88 mill. kr	Farleiltak
Innsegling Måløy (Skatestraumen)	Bremanger	6 mill. kr	Farleiltak
Vågsøy, Sildefjorden	Vågsøy	8 mill. kr	Farleiltak

Kort omtale av dei enkelte tiltaka*Fiskerihamn i Kalvåg, Bremanger kommune*

Hamna har utvikla seg til å bli ei attraktiv hamn for rorbu-/fiskerihamnturisme heile året. Veksten i turismen har ført til stor plassmangel for den lokale fiskeflåten og ei uheldig blanding av fritidsbåtar og yrkesfartøy. I tillegg er det trøngt å manøvrere ved Kalvøya.

Tiltaket er planlagt starta opp i 2018 med ferdigstilling i 2019. Prosjektet er kostnadsrekna til 90 mill. kr. Tiltaket skal gje den lokale fiskeflåten ei god og trygg liggehamn. Tiltaket skal bidra til å oppretthalde og vidareutvikle fiskerinæringa i kommunen og gje positive ringverknader til anna næringsverksemd i området.

Det er planlagt bygging av ny molo. Hamnebassenget skal utdjupast ned til -6 meter. I tillegg skal to grunner utanfor sjarkhamna utdjupast til -12 meter.

Bremanger kommune prioriterer Kalvåg som den sentrale fiskerihamna i kommunen. Prosjektet vert også støtta av fylkeskommunen.

Tiltak på fiskerihamn Værlandet, Askvoll kommune

Værøyhamna har ikkje tilstrekkeleg djupne til å ta i mot dei største fiskebåtane som nyttar seg av tilbodet på Værlandet. Innløpet til hamna er dårleg merka med lys for innsegling i mørkt og dårleg ver.

Tiltaket er føreslege gjennomført i siste seks-årsperioden, 2022 - 2027 og er kostnadsrekna til 6 mill. kr. Tiltaket skal auke tryggleiken til fartøy som bruker Værøyhamna, samt gje betre vern mot sjø og bølger.

Moloen skal forlengast med 20 meter. Innløpet til hamna skal mudrast ned/utdjupast frå -5 meter til -6 meter. Det vil også bli sett opp ny indirekte belysning på enden av moloen og på fenderpute på sørsida av innløpet til hamna.

Stad skipstunnel, Selje kommune

Stadhavet er det mest vêrutsette og farlegaste havområdet langs norskekysten. Det er planlagt oppstart av prosjektet i 2018 med ferdigstilling i 2023. Tiltaket er kostnadsrekna til 1 mrd. kr.

Tiltaket skal gje god framkome, tryggleik og effektivitet for sjøtransporten forbi Stad.

Det skal byggast skipstunnel gjennom Mannseidet, frå Moldefjorden til Kjødepollen. Storleiken på tunnelen skal vere slik at dei største av hurtigruteskipa kan passere gjennom tunnelen.

Farleitiltak aust for Nordre Nekkøya, Flora kommune.

Ei grunne på 8,5 meter ligg tett opp til stamleia og er eit uromoment som gjer seglasen vanskeleg.

Tiltaket er føreslege gjennomført i 2019 til ein kostnad på 5 mill. kr. Tiltaket skal gje auka tryggleik og mindre risiko for ulukker.

Grunna på 8,5 meter aust for Nordre Nekkøya skal utdjupast til -14 meter. Det skal settast opp eit fastmerke om lag 400 meter lenger nord.

Farleitiltak Ytre Steinsund, Solund kommune

Grunnene ligg ut mot hovudleia i Ytre Steinsund og representerer ein tryggleiksrisko med tanke på potensielle grunnstøytingar.

Tiltaket er tenkt gjennomført i 2018 til ein kostnad på 30 mill. kr. Tiltaket skal auke tryggleiken, redusere ulukker/grunnstøytingar, gje auka føreseieleg transportavvikling, redusere risiko for forureinande utslepp som følgje av ulukker og redusert reisetid/distanse.

Fire mindre grunner skal utdjupast. I tillegg vert det ny merking av 9 grunner i hovudleia. Sundet er noko krokete og uoversiktleg. Dette gjer at det kan vere behov for å vurdere tiltak på heile strekninga frå sør til nord i Ytre Steinsund.

Innsegling Ulvesundet frå nord, Vågsøy kommune

Ulvesundet ligg i hovudleia nord for Måløy og sør for Stadhavet. Farvatnet ved innseglinga til Ulvesundet er ureint og utsett for grov sjø, spesielt ved vind frå sørvest til nord.

Tiltaket er planlagt gjennomført i 2018 til ein kostnad på 38 mill. kr. Tiltaket skal auke tryggleiken i eit svært utsett farvatn med mykje trafikk. Tiltaket vil medføre mindre risiko for ulukker og det vil ble betre regularitet og redusert ventetid ved Stad.

Det skal gjennomførast utdjupeing og merketiltak i Ulvesundet nord for Måløy. Det er behov for å utdjupe ei grunne på 10 meter vest for Halsøybåen til -14 meter. Denne grunna ligg tett opp hovudleia. Når det gjeld merking skal det m.a. settast opp inntil 10 nye fastmerke fleire plassar i hovudleia.

Farleiltak Bulandet, Askvoll kommune

Hovdesundet har alltid vore hovudinnseglinga til Nikøyosen. Stadig større båtar gjer at mange vegrar seg for å gå i Hovdesundet på grunn av varierende djupne og dårleg merking. Sæingsjærsålen frå sørvest er ei utsett lei og ikkje noko ideelt alternativ til hovudinnseglinga.

Tiltaket er planlagd gjennomført i 2019 til kostnad på 28 mill. kr. Tiltaket skal auke tryggleiken og framkoma i hovudinnseglinga til Nikøya.

Det skal utdjupast totalt tre grunner ned til – 10 meter i innseglinga til Nikøosen. Grunnene ligg i innløpet til hamna, i Hovdesundet og innløpet til Hovdesundet. I tillegg skal Hovdesundet merkast med lys.

Farleiltak Flåm, Aurland kommune

Cruise fartøy som kjem til Flåm nyttar særleg to ankringsområde i indre hamn. Fretheimsgrunnen jernstang, som ligg mellom ankringsområda, står på ei 3 meters grunne og reduserer moglegheitene for ankring vesentleg.

Tiltaket er planlagd gjennomført i 2022 til ein kostnad på 11. mill. kr. Det er planlagd å sprengje ned Fretheimsgrunnen til -14 meter for å gje betre ankringsforhold.

Tiltaket skal gje betre tryggleik ved å betre ankringsforholda. Cruise fartøy kan ligge til ankers i staden for å ligge og manøvrere ved anløp Flåm.

Hovudleia Bremanger sør, Bremanger kommune

I hovudleia mellom Sørbotnen og Olaskjeret ligg det fleire grunner på mellom -7,5 og -11 meters djup. Dette fører til at dei mest djuptgåande fartøya må gå vest for Olaskjeret. Dette fører til auka distanse og fleire kursendingar. Grunnene er eit faremoment i hovudleia.

Tiltaket skal auke tryggleiken i hovudleia og opne for meir djuptgåande trafikk.

Tiltaket er planlagd gjennomført i 2023 til ein kostnad på 88 mill. kr. Det er planlagt å utdjupe totalt 13 grunner som ligg på mellom -7,5 og -11 meters djup. Prosjektert djupne etter utdjupeinga er 12 meter.

Innsegling til Måløy (Skatestraumen), Bremanger kommune

Bremagrunna ligg i hovudlei 1521 (Skatestraumen) i Bremanger kommune. Grunna har tidlegare vore sprengt ned til -10 meter, men større fartøy styrer framleis unna denne grunna.

Tiltaket er planlagt gjennomført i 2022 til ein kostnad på 6 mill. kr. Det er planlagd utdjupeing i Skatestraumen. Bremagrunna (10,0 m) skal utdjupast til – 12, 0 m. Tiltaket vil føre til ei meir open og rettare farlei. Prosjektert djupne tilfredsstillar djupnekravet til skipstrafikken som går langs kysten forbi Skaten.

Farleiltak Sildefjorden, Vågsøy kommune

Ved smørskjæret i Sildefjorden ligg det to grunner på -11 meters djupne. Litt lenger nord ligg Nordre Sildeflua på -12 meters djupne. Alle tre grunnene ligg i ei sterkt trafikkert bilei. Med utbygging av djupvasskai i Barstadvika er det planlagt å få inn m.a. oljeriggar som vil krevje auka djupne.

Tiltaket skal auke tryggleiken i leia og legge til rette for framtidig djuptgåande trafikk i området.

Tiltaket er planlagt gjennomført i 2023 til kostnad på 8 mill. kr. Det er planlagt å utdjupe tre grunner frå -11, -11 og -12 meters djupne ned til -15 meter.

3. Vurderingar og konsekvensar

I fylkestinget si fråsegn til Nasjonal transportplan 2014-23 i 2012 meinte ein at ei realisering av Stad skipstunnel ville vere både eit riktig, framtidretta og samfunnsøkonomisk lønsamt prosjekt. Fylkestinget meinte at skipstunnelen måtte vere dimensjonert for store hurtigruteskip. Det vart også peika på at prosjektet ville ha stor næringsøkonomisk betydning både for fiskeri, maritime og marine næringar. Stad skipstunnel vil opne for nye moglegheiter for nærings-

klynger, samarbeid og utvikling over kommunegrenser og fylkesgrenser. Prosjektet er i tråd med fylkestinget sine tidlegare prioriteringar og innspel.

Arbeidet med Stad skipstunnel har gått over fleire år med stadig nye utgreiingar. I si fråsegn til NTP 2014 – 23 meinte fylkestinget at prosjektet måtte få eiga løyving på statsbudsjettet med sikte på oppstart i perioden 2014 – 17. Oppstart i 2018 er i samsvar med prioriteringane i Nasjonal transportplan. Realisering av Stad skipstunnel er i samsvar med fylkeskommunale planar og tidlegare fråsegner.

I Kystverket sitt forslag til prosjekt i Nasjonal transportplan 2018 – 27 er utbetring/utbygging av fiskerihamna i Kalvåg i Bremanger prioritert i første perioden 2018 – 21 med oppstart i 2018. Prioritering av fiskerihamna i Kalvåg er også i samsvar med tidlegare fylkeskommunale innspel/fråsegn til Nasjonal transportplan. I si fråsegn til Nasjonal transportplan 2014 – 27 bad fylkestinget spesielt om at utbygging av fiskerihamna i Kalvåg vart prioritert.

I framlegget til Nasjonal transportplan 2014 – 23 prioriterte Kystverket følgjande tiltak i perioden 2018 – 23 uansett økonomisk ramme:

Ytre Steinsund i Solund, Ulvesundet i Vågsøy, Florø – aust for Nekkøy i Flora, innsegling til Svelgen, Bremanger og Flåm i Aurland.

Alle desse prosjekta er planlagt gjennomført i perioden 2018 – 2021. Fylkestinget har tidlegare peika på at sjøvegen kan nyttast både til persontrafikk og godstransport i langt større grad enn no. Det er viktig å ruste opp og utbetre farleier og innseglingar til hamnene våre dersom vi skal få meir gods og persontransport over på kjøll. Utbetring av farleiene vil difor vere ein strategisk viktig innsatsfaktor. Ut i frå Kystverket sin tiltaksportefølje for Sogn og Fjordane, ser det no ut til at dei viktaste og mest prioriterte tiltaka vert realiserte i neste NTP-periode. Fylkesrådmannen ser ingen grunn til kommentere desse prioriteringane ytterlegare.

Fylkestinget har tidlegare peika på behovet for utbetring av innsegling til Svelgen i Bremanger. Dette er eit område som bør utbetrast så snart som råd for å legge til rette for ei vidare utvikling av Svelgen som industristad.

4. Konklusjon

Kystverket Vest sitt forslag til tiltaksportefølje i Sogn og Fjordane for NTP-perioden 2018 – 2027 er ei oppfølging av gjeldande Nasjonal transportplan og i samsvar med fylkestinget sine prioriteringar og innspel i samband med Nasjonal transportplan.

Realisering av Stad skipstunnel er viktig både for å sikre god framkome, tryggleik og effektivitet for sjøtransporten forbi Stad. Vi ser fram til realiseringa av dette prosjektet, som no ser ut til å bli løyst med oppstart i 2018.

Når det gjeld fiskerihamner er fylkesrådmannen samd i at fiskerihamna i Kalvåg vert prioritert med oppstart i 2018.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at tiltaksporteføljen er i strid med tidlegare fylkeskommunale prioriteringar og gjeldande fylkeskommunale planar.